



**Jobbnorge-ID:** 137512

**Søknadsfrist:** Avsluttet

**Nettside:**

**Omfang:**

**Varighet:**

## Stipendiatstilling ved Det juridiske fakultet - 2. gongs utlysning

Ved Det juridiske fakultet er det ledig ei mellombels stilling som stipendiat innan fagfeltet politirett og påtalerett. Tiltreding etter nærmare avtale.

Stillinga er ein del av eit femårig forskingsprosjekt; «Politi- og påtalerett» som er finansiert av Bergens forskningsstiftelse (BFS), Det juridiske fakultet og Politidirektoratet. Prosjektet starta opp 1. mars 2017 og har så langt ein prosjektleiar, ein professor (25 %), ein forskar og ein ph.d.-stipendiat (i politirett).

Normal åremålsperiode for stillinga er 4 - fire - år med 25 prosent pliktarbeid. Åremålsperiode utan pliktarbeid kan bli vurdert.

### Om avhandlingsprosjektet

Det overordna temaet for prosjektet som skal utførast i stipendiatstillinga og leie fram til ei avhandling til ph.d.-graden, er: «Informasjonsinnhenting, informasjonsdeling og samhandling i kriminalitetsbekjempelsen».

Temaet er breitt angitt, slik at søkjaren har høve til å gi egne bidrag til prosjektets nærmare avgrensingar og problemstillingar.

Effektiv informasjonsbehandling (m.a. innhente, lagre og dele) og samhandling mellom politi- og påtalemakt og andre offentlege kontroll- og tilsynsetatar har stor betydning når ein skal avdekke og etterforske lovbrøt. Temaet aktualiserer fleire rettslege spørsmål. Reglane om teieplikt og unntak frå dei etter politiregisterlova, og teieplikter som ligg på andre offentlege etatar, set dei viktigaste rettslege rammene. Reglane er noko ulikt forma ut, og dei kan i ulike samanhengar setje tilsikta eller utilsikta rettslege hinder for deling av informasjon. Dei ulike tilsyns- og kontrolletatane har òg andre heimlar og grunnar for å innhente informasjon, enn politiet. I samhandling er føremålet med å dele informasjon ofte avgjerande for kva som kan delast, både ved informasjonsdeling frå og til politiet.

Prosjekt som har fokus på gi ei brei rettsvitenskapleg behandling av regelverket knytt til samhandling og informasjonsdeling *i tilfelle der politi- og påtalemakt inngår i tverretatlege, faste eller mellombelse, samarbeidsformer*, vil bli føretrekt. Men òg prosjekt om teieplikter og informasjonsdeling internt i politiet, mellom private (derunder bank- og finansinstitusjonar) eller mellom nasjonalt politi og utanlandsk politi, vil bli vurdert.

Prosjektskildringa som skal følgje søknaden, bør vere på ca. 10 sider. Ho skal innehalde ein plan for gjennomføringa av forskingsprosjektet og forskerutdanninga (sjå nedanfor).

### Andre arbeidsoppgåver

Den som blir tilsett pliktar òg å bidra aktivt i forskingsprosjektet sine aktivitetar (fagmøter, forskningsformidling, seminar, konferansar mv.).

### Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Du må ha mastergrad i rettsvitenskap eller tilsvarende juridisk utdanning. Det er ein føresetnad at du har levert masteroppgåva innan søknadsfristen, og at mastergraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- Du må gjennom karakternivå eller skriftlege arbeid ha vist eit høgt fagleg nivå, som kvalifiserer for rettsvitenskapleg arbeid.
- Du må kunne arbeide sjølvstendig og strukturert og ha gode samarbeidsevner.

### Om stipendiatstillinga

Administrasjons- og undervisningsspråket på fakultetet sitt doktorgradsprogram er til vanleg norsk. Eventuell undervisning skal kunne gjennomførast innanfor dei obligatoriske faga i masterstudiet i rettsvitenskap ved UiB.

### Om forskarutdanninga

Som stipendiat skal du delta i eit godkjent utdanningsprogram for ph.d.-graden innanfor ei tidsramme på 3 år. I tillegg til å fylle dei generelle krava for tilsetjing, må du òg fylle kravet for opptak på fakultetet sitt ph.d.-program.

Du må fylle ut skjema for opptak på ph.d.-programmet. Skjema kan du hente på denne nettsida:

<http://www.uib.no/phd/74164/s%c3%b8ke-om-opptak-til-phd-utdanning>.

### Vi kan tilby

- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- Løn etter lønnssteg 52 /57 (kode 1017/LR 20. 8) ut frå relevant praksis. For særleg kvalifiserte søkjarar, kan det bli aktuelt å vurdere høgare løn.
- Medlemskap i Statens pensjonskasse

- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdsordningar

### Søknaden skal innehalde

- Ei kort utgreiing om forskingsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga
- Prosjektskildring og framdriftsplan
- CV
- Skjema for opptak på ph.d.-programmet
- Kopiar av karakterutskriftar og vitnemål frå bachelor- og/eller mastergrad, alternativt ei stadfesting av at mastergradsoppgåva er levert
- Relevante attestar
- Namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar, ein av desse må vere hovudrettleiaren frå masteroppgåva eller tilsvarende oppgåve
- Eventuelle vitskapelege arbeid og liste over desse (publikasjonsliste)
- Søkjarar med utanlandsk utdanning må legge ved sertifisert omsetjing til engelsk eller skandinavisk dersom originalvitnemålet og karakterutskriftene ikkje er på eit av desse språka. Søkjar må i tillegg legge ved NOKUT si generelle godkjenning av at utdanninga samsvarar med norsk mastergrad. Sjå [www.nokut.no](http://www.nokut.no) for meir informasjon om generell godkjenning av høgare utdanning.

Søknad og vedlegg må lastast opp i Jobbnorge via lenke på denne sida merka «Søk stillingen».

### Generell informasjon

Utfyllande opplysningar om stillingane kan ein få ved å vende seg til administrasjonen ved Det juridiske fakultet, tlf. 55 58 96 76, prosjektleiar, førsteamanuensis Gert Johan Kjelby, tlf. 55 58 96 34, eller prodekan for forskning Berte-Elen R. Konow, tlf. 55 58 95 44.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn og nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskapelege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som blir tilsett, må rette seg etter dei retningslinjene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Det kan bli aktuelt å gjennomføre intervju ved tilsetjing i stillinga.

Vi viser elles til rettleiing for søkjarar til stipendiatstilling som du finn på denne nettsida: <http://www.uib.no/jur/24432/reglement-og-retningslinjer>.

Søknadsfrist: **31. juli 2017**

Søknaden skal merkast: 2017/4933.

### Tilleggsinformasjon

#### Arbeidssted: